



ÅRSRAPPORT

2024



haugalandmuseet.no

**HAUGA
LAND
MUSEET**

Årsrapport 2024

INNHALD

| | |
|---|----|
| 1.0 VERKSEMDA | 4 |
| 1.1 Hovudresultat | 4 |
| Styret | 5 |
| Føringar for verksemda | 5 |
| Haugalandmuseet sin organisasjon og nettverk | 5 |
| Forsvarleg og effektiv drift | 6 |
| Finansiering | 6 |
| Arbeidsmiljø, HMS og likestilling | 6 |
| AMU-utvalet | 7 |
| Ytre miljø | 7 |
| Årsverk | 8 |
| Universell utforming | 8 |
| Asbest Karmsund folkemuseum | 8 |
| 2.0 ADMINISTRASJON | 10 |
| 2.1 Personale | 10 |
| 2.2 Eigedomsselskapet AS Karma | 11 |
| 2.3 Utviklingsarbeid | 11 |
| 3.0 KOMMUNIKASJON OG MARKNADSFØRING | 12 |
| 4.0 SOLID KUNNSKAPSPRODUKSJON | 13 |
| 4.1 Dokumentasjon | 13 |
| 4.2 Publikasjonar | 13 |
| 4.3 Foredrag | 14 |
| 4.5 Prosjekt i regi av museumsnettverk | 14 |
| 5.0 RELEVANT FORMIDLING | 14 |
| 5.1 Publikumsutvikling | 15 |
| 5.1.2 Arrangement | 16 |
| 5.1.3 Kulturturisme | 17 |
| 5.1.4 Undervisning | 18 |
| 5.1.5 Tilrettelegging og inkludering | 19 |
| 5.1.6 Digital formidling | 20 |
| 5.1.7 Tilgjengeleggjering av samlingane | 20 |

| | |
|---|----|
| 5.2 Utstillinger | 21 |
| 5.2.1 Kulturhistorie: | 22 |
| 5.2.2 Visuell kunst | 22 |
| 6.0 HEILHEITLEG SAMLINGSUTVIKLING | 24 |
| 6.1 Kulturhistorie | 24 |
| 6.2 Visuell kunst | 25 |
| 7.0 TRYGG IVARETAKING og DOKUMENTASJON | 25 |
| 7.1 Registrering og digitalisering | 25 |
| 7.2 Revisjon og vurdering av samlinger | 26 |
| Oversikt over samlingane pr. 31.12.2024 | 26 |
| 7.3 Førebyggjande tiltak og konservering | 27 |
| 7.5 Magasin | 28 |
| 7.6 Bygningsvern | 28 |
| 7.7 Bygningsvernrådgjevar | 29 |
| 8.0 AKTIV SAMHANDLING OG FRIVILLIGE | 29 |
| 8.1 Museum og reiselivsnæringa | 31 |

1.0 VERKSEMDA

Haugalandmuseet er kunst og kulturhistorisk museum for Nord-Rogaland. Kommunane Bokn, Haugesund, Tysvær, Utsira og Vindafjord eig museet som er organisert som eit aksjeselskap. Generalforsamlinga er vårt øvste organ, og vi har eit kompetansestyre for drift- og eigarselskapet. Styret har vedteke strategi 2020-2025 for selskapet, og fagplanar som er tilgjengeleg for alle på heimesida vår.

Vi er eit desentralisert museum og er nær innbyggjarane i små og store lokalsamfunn. Våre museumsavdelingar er etablert frå 1913 og framover. I strategien 2020-2025 er hav overordna satsingsområde. Regionen har små og store kystsamfunn, inne i fjordane, langs skipsleia og på øyar i havgapet. Havet er omskifteleg, og har kravd og gitt rom for endring og omstilling. Havet har til alle tider prega livsgrunnlaget og mentaliteten på Haugalandet. I planperioden vil havet og endring bli spegla i formidling, forskning og forvaltning. Andre tematiske satsingar er nasjonale minoritetar, foto, krig og høgtrykkkunst. Mål og tiltak knytte til disse temaa vert integrert i fokusområda, og i fagplanane til Haugalandmuseet som ligg ope tilgjengeleg på heimesida.

Haugalandmuseet er eitt av seksti museum i Noreg som får driftstilskot frå dei tre forvaltingsnivåa stat, fylke og kommune. Den offentlege forvaltninga lagar museumspolitiske dokument og strategiar, i tillegg til museet sine eigne. Museumsmeldinga (Meld.St.23 2020-2021) Musea i samfunnet gjev overordna retning for museumspolitikken fram mot 2050. Museumsmeldinga gir museumssektoren mål, tiltak og prioriteringar for dei neste tiåra. Den legg vekt på solid kunnskapsproduksjon, relevant formidling, heilskapleg samlingsutvikling, trygg forvaltning og aktiv samhandling.

1.1 Hovudresultat

Målsetjinga for 2024 var å betre besøkstalet og innteninga, og det klarte vi for tredje året på rad. Hovudsatsinga vart ei vidareføring av satsinga på cruise- og kulturturisme i ein utvida sesong frå mai til oktober. Vi fekk til utvida opningstider og nøgde, betalande turistar. Det er framleis mogleg å bli betre, og betre inntening og meir besøk inspirerer til vidare satsing i 2025.

Det har vore satsa på eit breitt tilbod til publikum gjennom heile 2024, trass asbeststengde avdelingar. Kreativ og positiv endringsvilje gjorde at alternative stader vart tekne i bruk, som til dømes på "Natt på museet" som vart lagt til Wrangell-huset i februar. Ei nyskriven teatervandring tok eit større publikum gjennom museumshagen og opp gjennom tre etasjar i villaen, og fantasirike figurar dukka opp og spela for born og vaksne. Årsprogrammet med nærare 200 arrangement i 2024 fortel om stor breidde og mange møtestader - nett slik det skal vere i Haugalandmuseet – museet der folk bur!

Vi ligg godt an for dei digitale måla vi har satt oss, og har passert 5000 følgjarar på heimesida. Vi har som mål å heile tida leggje ut meir av samlingane på nettet, men det er òg gledeleg at vi heldt fram og publiserte artiklar som resultat av pågåande arbeid med samlingane. Det har vore arbeidd godt med utviklingsprosjektet om nytt museum og magasin på museet si eiga tomt i Haugeverven i Haugesund i 2024.

Kunst og kulturhistorie i same museum har ført til tverrgåande prosjekt om fiske i nyare tid og arkitektur. Dette er nyvinningar der same tema kan sjåast med kunstauge og kultursyn, og utfylle kvarandre på ein god måte. Ein god effekt av det samanslåtte museet er òg fagleg forvaltning av kunst- og kulturhistoriske samlingar.

Samstundes med dei gode resultat har 2024 vore eit svært krevjande år for tilsette. Samlingsforvaltninga har i lang tid lidd under manglande arbeidslokale grunna asbest. Arbeid med bygningsarven og dei viktige samlingane i museet vart råka av sjukefråvær og vakansar i 2024.

Dei tilsette har gjort ein ekstraordinær innsats for å gje publikum eit godt tilbod i 2024. Dei tilsette har snudd seg rundt og vore kreative, heile tida løysingsorienterte for å sjå nye mogelegheiter andre stader i museet. Samstundes var det eit varsla generasjonsskifte i museet, og med nokre som skifta arbeid og nokre langtids sjukmelde, vart det eit utfordrande år. Det er difor på sin plass å gje stor honnør til dei tilsette som stod i det, og fekk til så mykje!

Styret

Styret har hatt fire styremøte, fått orienteringsbrev frå administrasjonen og handsama 38 saker. Styret vart vald på generalforsamlinga i februar 2024, og har per 31.12.2024 følgjande medlemmer:

Ingvar Frøyland, styreleiar

Linda Bruås

Målfrid Snørteland

Ingun S. Harloff (ny)

Johan Rokstad

Bjarte Espeland Horpestad (ny) (Rogaland fylkeskommune sin representant)

Madli Hjermann (ny) (tilsette sin representant)

Vara

Arnstein Eek

John Malvin Økland (ny)

Tove Elise Madland

Tom Landås (ny) (Rogaland fylkeskommune sin vara)


Anna Tveit (ny) (tilsette sin vara)

Føringar for verksemda

Haugalandmuseet er medlem av ICOM, den internasjonale museumsorganisasjonen, og det er godt å vere ein del av eit internasjonalt fellesskap med høg standard. Den nye museumsmeldinga frå 2021 «Tid, ting og tillit» ligg føre som rettesnor for museumsarbeidet dei neste tiåra. Rogaland fylkeskommune sine planar gjev også viktige signal, likeins dei kommunale kulturplanane. Haugalandmuseet er som sjølvstendig verksemd, med ei armlengds avstand til tilskotsgjevarane, ansvarleg for drift og ivaretaking av kunst- og kulturarven.

Haugalandmuseet sin organisasjon og nettverk

Haugalandmuseet er organisert i tre avdelingar, og i 2024 har fagavdelingane arbeida på tvers av organisasjonen med handlingsplan, utstillingar og program:



Forsvarleg og effektiv drift

Dersom ein med mest mogeleg effektiv drift meiner at ressursane vert dirigert til aktivitetar som gjev høgast mogeleg måloppnåing og at aktivitetane er mest mogeleg kostnadseffektive etter handlingsplanen, er dette innfridd i 2024. Når det gjeld forsvarleg drift har vi med den prekære asbestsituasjonen ikkje hatt gode arbeidstilhøve i 2024, og smertegrensa er nådd.

Finansiering

Hovudfinansieringa til Haugalandmuseet er grunnfinansiering frå eigarkommunar, Rogaland fylkeskommune og Stat. Det er òg i 2024 søkt om og motteke eksterne midlar til prosjekt. Eigeninntekta utgjer i 2024 omlag 7 % av dei totale inntektene, og er ei relativ auke frå året før.

Arbeidsmiljø, HMS og likestilling

Haugalandmuseet har verneombod og AMU-utval med fire representantar; to frå arbeidstakarane og to frå leiargruppa. I 2024 var det fire samlingar for alle tilsette der det vart lagt fram årsplan, handlingsplan og jamleg teke opp HMS-arbeid.

Samla sjukefråvær er 10,3% i 2024, medan landsgjennomsnittet var 5,8%. Sjukefråværet var spesielt høgt i første halvår, medan i 3. kvartal var sjukefråværet 4,2%. Oppfølgingsplanar og dialogmøte viser eit breitt spekter av grunnar til langtidssjukmeldingar og at fleire er på avklaring. Det har ikkje vore innrapportert skader, men nokre uønskete hendingar i 2024. Museet har fleire tilsette kvinner enn menn, og vi skal vere merksame på det framover.

AMU-utvalet

AMU-utvalet har i 2024 bestått av: Martha Ådland (arbeidstakarrepr.), Tove Selås (arbeidsgivarepr. - våren 2024 (slutta med pensjon)), Maryon Østhus (verneombod), Elena Santamarina (arbeidstakarrepr.), Mads Ramstad (direktør, fast medlem), Grethe Lunde Øvrebø (arbeidsgivarrepr. – hausten 2024)

Arbeidsgivarsida hadde leiarvervet i 2024. Arbeidstakarrepr. Martha Ådland varetok leiarvervet inntil nytt AMU-medlem Grethe Lunde Øvrebø tiltredde hausten 2024.

Arbeidsområde

Arbeidsmiljøutvalet i Haugalandmuseet arbeider for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. Utvalet deltar i planlegginga av verne- og miljøarbeidet i verksemda, og følgjer nøye med på utviklinga av arbeidsmiljøet. Arbeidsmiljøutvalet har oppgåver etter Arbeidsmiljølova og etter forskrift om organisering, leing og medverknad.

Møte

Det har vore avhalde 3 AMU-møte våren 2024 og 5 AMU-møte hausten 2024. I alt 8 AMU-møte inkludert arbeidsmøte. Frå og med hausten 2024 har det vore avhalde månadlege AMU-møte. Referat frå AMU-møta vert sendt ut til alle tilsette via Teams-veggen og blir lagt på fellesområdet i Teams.

Mål 2024

Hovudarbeidet i 2024 var å slutføre den omfattande arbeidsmiljøundersøkinga «Ein bra dag på jobben» som vart påbegynt i 2022. Arbeidet vart leia av Martha Ådland og Tove Selås. Arbeidet har vore tidkrevjande, men resulterte i eit godt verktøy for å lage HMS-handlingsplanar frå og med 2024.

AMU-utvalet oversendte leiargruppa ei oppsummerande oversikt over problemstillingar, forslag til tiltak og ansvar. Leiargruppa tok vidare stilling til: alvorsgrad, om saka er innanfor eller utanfor budsjett, prioritering, ansvar og fristar. HMS-handlingsplan 2024 vart lagt fram for alle tilsette på fellesmøtet 2. desember 2024.

Arbeidsmiljøundersøkinga «Ein bra dag på jobben» resulterte i 2 saker i kategorien raudt (alvorleg – strakstiltak frå leinga), 51 saker i kategorien gul (saka tas tak i, rutinar etablerast) og er opne, og 79 saker i kategorien grønt som er lukka (saka løyst/rutinar blir følgt) = i alt 132 saker. I 2024 vart det også laga ein HMS-handlingsplan for 2025.

AMU-møta har ein nokolunde fast struktur med saker som: HMS-nytt i museet (sjukefråvær, ressursbehov (personell, materiell), avviksrapportar, framdrift i arbeidet med internkontrollsystem, status for HMS-handlingsplan og budsjettorientering. AMU-utvalet lagar eit årshjul med viktige datoar og fristar som skal overhaldast enten det gjeld vernerundar, medarbeidersamtalar, fellesmøte eller ulike velferdstiltak m.m.

Ytre miljø

Selskapet forureinar ikkje det ytre miljø utover det som er naturleg for denne type verksemd.

Årsverk

Frå mai 2024 mangla museet fire heile stillingar. Frå september kom ny formidlingsleiar på plass. Haugalandmuseet utførte i overkant av 17 årsverk i 2024. Av desse er eitt årsverk utført av midlertidig tilsette prosjektmedarbeidarar og 1,6 årsverk av timeløna museumsvertar. Selskapet hadde 19 fast tilsette ved utgangen av året, 17 kvinner og 2 menn. I tillegg har museet engasjert 20 tilkallings- og museumsvertar i løpet av året, 12 kvinner og 8 menn. Styret var sett saman av 4 kvinner og 3 menn.

Universell utforming

Større delar av bygningsmassen som Haugalandmuseet held til i er ikkje universelt utforma. Haugalandmuseet sine digitale plattformer skal vere universelt utforma, og erklæring om tilgjengelegheit ligg ute på heimesida.

Asbest Karmsund folkemuseum

Kort oppsummering:

Ved Karmsund folkemuseum var tre utstillingar, arbeidsrom for fotoarkivar og arbeidsrom for konservator, samt alle magasinrom – for gjenstandar, tekstilar, arkiv og foto - stengt frå januar-desember 2024. Gjennom hele året har tilsette mangla godkjente arbeidsplassar, og har jobba med samlingar utan ventilasjon og avsug. Heile museet, inkludert vanlege kontorplassar, var stengt i perioden 1. september - 1. november. I eit år der vi skulle førebu eit 100-års jubileum brukte vi nesten all tid på ut- og innflytting, og å rigga opp og ned arbeidsplassar og utstyr. Ved utgangen av året mangla vi framleis lokale for arbeid med gjenstandar og fotografi, vi er avskore frå alle magasin, og frå fasilitetar som verkstad og vaskerom. All DKS-formidling er flytta til Haugesund billedgalleri.

Dette skjedde:

Etter asbestsaneringa hausten 2023, der firmaet som utførte jobben spreidde asbeststøv til fleire rom, brukte eigar av bygningen, Haugesund kommune, lang tid på å erkjenne at det hadde skjedd grove avvik i saneringa, de fremma deretter ei reklamasjonssak overfor firmaet, og til sist brukte dei ein del tid på å finne og leige inn ein prosjektleiar og eit firma med kompetanse på asbest.

Prosjektleiaren var på plass 18. april. Saneringsarbeidet starta opp att i midten av mai, ved saneringsfirma Stokka & Sjo. Dei sanerte og frakta ut gjenstandar som høyrer til Arkeologisk museum, UIS. Deretter prioriterte Haugesund kommune å sanere trappegang (og nødutgang) mot vest – trappegangen som skil Skåregt. 142 (Karmsund folkemuseum) og Sørhauggt. 145 (Haugesund kommune er brukarar av denne delen av bygningen). Nødutgangar til utstillingane våre vart tetta igjen, men med moglegheit til å opnast ved nødstillfelle. Saneringsarbeidet i trappegangen vart ferdigstilt i midten av juni.

Ved oppfølgjande prøvar vart det avdekka asbest i fleire rom på loft og i begge utstillingane i andre etasje på Karmsund folkemuseum, med 0,002 asbestfiber pr. Cm³ (20 000 asbestfiber pr m³). Folkehelseinstituttet (FHI) si norm er 0,001 fiber pr. Cm³. Arbeidstilsynet sitt krav er 0,1 asbestfiber pr. Cm³ (100 000 asbestfiber pr. m³). Haugalandmuseet kravde at vi følgjer FHI si norm – og etter ei tid, der òg kommuneoverlege vart informert, gjekk kommunen med på å følgje FHI si norm. Desse utstillingane hadde då vore stengt ei stund for publikum, men vart no heilt stengt både for tilsette og publikum. Det vart mellom anna avdekka blåasbest, ein av dei farlegare asbesttypane.

Haugesund kommune vedtok å teste ut ein saneringsmetode der dei monterte store undertrykksvifter og røyr som gjekk ut av vindauge Ein løvblåsar virvla opp alt støv, som så vart suga inn i vifter og filtrert. Deretter blei vegger, tak, golv og andre flater reingjort. Det tok ei stund før verdiane i rommet gjekk ned. I midten av september kom nye prøvesvar som viste verdiar på 0,001 asbestfiber pr. cm³ – dvs. innanfor FHI si norm.

På grunn av stadig nye funn av asbest og eit heilt tydeleg behov for å få kartlagt heile bygningen grundig, bestemte kommuneoverlege og eigedomssjef i Haugesund kommune å stenge heile museet frå og med 1 september. Sju tilsette mista kontorplassane sine, i tillegg til dei tidlegare nemnte arbeidsplassar/verkstader for arbeid med samlingar. Vi tok i bruk Wrangell-huset som midlertidig kontorplass, og etter kvart eit undervisningsrom i Dokken og biblioteket i Haugesund billedgalleri. Kommunen lova å stille med arbeidsplassar, men trakk seg frå lovnaden og ein kom fram til ei midlertidig ordning i museet.

Eit kartleggingsfirma vart engasjert for å ta nye prøvar. I slutten av oktober friskmeldte kommunen inngangsparti, kontor og møterom på Karmsund folkemuseum og bestemte at det var trygt for tilsette å flytte tilbake. Det tilsette flytta tilbake 1. desember. Det vart samstundes bestemt at publikum ikkje skal inn i bygningen. Vi gjekk dermed inn i jubileumsåret med ein ganske trist situasjon.

Situasjonen slit på tilsette og har satt det faglege arbeidet i en vanskeleg situasjon. Ved inngangen til året var det heilt uavklart når saneringa på Karmsund startar opp att, og vi kjem til å liggje fleire år etter med samlingsarbeid, utstillingsproduksjonar og fornying av Karmsund folkemuseum. Arbeidet med å registrere, digitalisere og gjere samlingane tilgjengelege er i stor grad sett på vent. Magasina er ikkje tilgjengelege, og arbeidsrom med tilrettelagte arbeidsflater, avsug, verktøy og utstyr har vore stengt sidan september 2023. Ein konsekvens er at fotoarkivar for Museumstjenestene i Rogaland, som Haugalandmuseet er vertskap for, ikkje har kunna utføre planlagt arbeid for Jærmuseet og Ryfylkemuseet. Ein annan konsekvens er at vi ikkje har kunna ekspedere førespurnader frå publikum og forskarar, som ønskjer å få tilgang til arkiv, gjenstandar eller fotosamling. Alle førespurnader frå forskarar og publikum om samlingane er førebels sett på vent.

Verkstaden med spesialverktøy, mellom anna høvlar for å lage profilar til vindauge, er ikkje tilgjengeleg, og planlagt arbeid med bygningar er sett på vent. Dette gjeld mellom anna restaureringa av Derikhuset i Skudeneshavn, eit prosjekt som har fått økonomisk støtte frå Rogaland fylkeskommune og Stiftelsen UNI. Verkstaden er òg sentral i forvaltning av samlingane og utstillingsproduksjon. Den planlagde utstillinga TING, som skulle opne i februar i 2024, måtte avlysast. Ei fast utstilling om romanifolket – dei båtreisande, støtta av Kulturdirektoratet med kr. 700 000,- var under planlegging hausten 2023. Produksjonen skulle starte hausten 2024. No er den sett på vent på ubestemt tid.

Sentral for nøddlys på bygget og dataskap er plassert i kjellaren, i rom som har vore stengt nesten heile året. Haugalandmuseet sin sentral for tjuverialarm er ikkje tilgjengeleg. Avfuktarar i magasin som gjer at luftfukta er 50% RH, skulle hatt jamleg tilsyn og service. Dette får vi ikkje utført i dag. Manglande service og skifte av filter kan i verste fall vere ein brannrisiko. I magasin utan fungerande avfuktarar, kan det i løpet av kort tid gro sopp og mugg.

Vi har i lang tid gjort det beste utav situasjonen, tilpassa arbeidet og endra planane. Tilsette har vore tolmodige, men har i løpet av året blitt sterkt ramma av den langvarige stenginga.

2.0 ADMINISTRASJON

Administrasjonen har arbeidd med felles administrasjonssystem som kalender, nytt digitalt arkiv, Teams og Visma i 2024. Oppfølging av personale og økonomi tek tid, samt oppdatering av laupande system som internkontroll-HMS. Verneombod og AMU-leiar har arbeidd med samanstilling av moglege tiltak, og leiargruppa har sett opp handlingsplan for 2024.

2.1 Personale

Det er arrangert fire fellesmøte for alle tilsette med informasjon og orienteringar, og ei brannøving. Dei tilsette var på studietur til København i september. Dei tilsette har hatt sommarfest og julebord, og det har òg vore velferdskomité i sving med fleire programpostar i 2024.

Tre tilsette gjekk av med pensjon, og tre skifta jobb i 2024. Vakansar førte til ekstra belastning for dei tilsette som var på jobb i 2024. Tilsetjing i seks stillingar tek tid. Langtidsjukefråværet har vore langt høgare enn tidlegare, særleg i første halvår.

Prosjektstillinga som bygningsvernrådsgjevar starta opp i januar 2024, og varte i tre månader før anna arbeid lokka. Ny bygningsvernrådsgjevar kom på plass i september. Det er eit pilotprosjekt finansiert av RFK for å hauste erfaringar, før eventuelt ordninga blir fast i alle regionane i fylket.

Deltaking i seminar og nettverksmøte

- 31. januar: Tre tilsette deltok på fagdag for Fotonettverket, Rogaland.
- 25. februar: Ein tilsett deltok på Vinterviking formidlingsseminar Tingvatn, Vestagdermuseet
- 11. mars: To tilsette deltok på Museumspedagogisk fagdag i Stavanger
- 6.-7. april: To tilsette deltok på møte i fotonettverket i Oslo
- 19.-20. april: Fagdag om mugg og asbest i regi av Museumstjenestene og seksjon for samlingsforvaltning, Norges museumsforbund, tre tilsette deltok.
- 22-24. april: Museumsforbundets årsmøte i Bodø, to tilsette deltok
- 26. april: Ein tilsett deltok på årsmøte i Institusjonsfotografene
- 2.-3. mai: To tilsette deltok på møte i kunstnettverket, Oslo
- 30. mai: Ein tilsett møtte i referansegruppa for Vibrandsøy
- 15.-19. august: To tilsette deltok etter invitasjon frå Kulturdirektoratet på konferanse om "Green museums" - nettverk, innlegg og workshops om klima og berekraft, saman med museum og festivalar frå Noreg, Romania og Portugal. Konferansen er eit resultat av EØS-midlar og peiker framover mot nye prosjekt og program som er i støypeskeia.
- 26.-27. august: Ein tilsett deltok på samling i Mangfoldsnettverket i Tromsø
- 10. september: To tilsette deltok på Haugesunds avis sitt dialogmøte om avisa sine planar for framtidig auke i kulturjournalistikk.
- 16.-18. september: Ein tilsett deltok på HMS-kurs

- 19.-20. september: Ein tilsett deltok på seminar om maritim immateriell kulturarv, Ålesund, ved seksjon for immateriell kulturarv, museumsforbundet
- 23. september: Ein tilsett deltok på opninga av Maritim uke 2024 i Haugesund
- 1.-2. oktober: Fotoarkivar Evy Andersen, Museumstjenestene deltok på ABM-konferansen i Mo i Rana
- 16.-17. oktober: Tre tilsette deltok på Klimathon i Haugesund
- 24.-25. oktober: Ein tilsett arrangerte og deltok på fagmøte foto i Haugesund, Museumstjenestene
- 31. oktober: Ein tilsett arrangerte og deltok på privatarkivseminaret for Rogaland, i Haugesund
- 5.-6. november: Ein tilsett deltok på kurs om universell utforming, Museumssenteret i Hordaland
- 6. november: To tilsette deltok på møte i styringsgruppa for Museumstjenestene
- 13.-14. november: Ein tilsett deltok på samling i byggnettverket i Sogndal
- 13.-15. november: Ein tilsett deltok på samling i fiskerinetverket i Stokmarknes
- 14.-15. november: Ein tilsett deltok på seminar om flytting av samlingar, ved seksjon for forvaltning, Norges museumsforbund.
- 20.-21. november: To tilsette deltok på “Seminar om verdiskaping på kulturmiljøfeltet, samfunnsutviklerrolle og de nye bevaringsstrategiene”, Rogaland fylkeskommune
- Museumspedagogisk seminarrekke, formidlarane
- Webbaserte formidlingsfora, formidlarane
- Styringsgruppemøte i DKS, avdelingsleiar formidling og publikum

2.2 Eigedomsselskapet AS Karma

Selskapet med adresse Hasselgata 31 har i meldingsåret hatt dei same, faste leigetakarane. Båtplassane og næringslokala har stort sett vore leigd ut gjennom året. Sjøspeidarane i Haugesund har tilhald i Haugeverven. Det har ikkje vore utført store utbetringar i 2024.

2.3 Utviklingsarbeid

Museet er ein kompleks institusjon med mange samansette oppgåver. For å få til større løft må vi definere prosjekta klart og prioritere oppgåvene. I strategi 2020-2025 er det definert som eit mål at Haugalandmuseet har museumsarenaer med universell utforming, tilrettelagt for formidling og med god tilgang til samlingane. Museet har arenaer som gir kunnskap og opplevingar, er gode møteplassar og er lagt til rette for ny bruk og utleige.

Eitt utviklingsprosjekt har hatt prioritet i 2024:

Nytt magasin og museum på Hasseløy: Vi har jobba vidare ut frå styrevedtak og ein visjon om å etablere eit museumsbygg med magasin i Haugeverven – ein ny arkitektteikna museumsbygning for bevaring og formidling av maritime samlingar, publikumsfasilitetar som verkstad for born, vitskapscenteraktivitetar, kafé og foredragssal. Eit *havmuseum* der sild, salt og skip er viktige knaggar. Vi engasjerte eit arkitektfirma til å gjennomføre ei moglegheitsstudie. Vi har òg hatt møte med Haugesund kommune, kulturavdelinga og planavdelinga, med næringssjef og med politikarar der vi har presentert planane for nytt museumsbygg. Prosjektleiar måtte gå inn i vakante stillingar i året som var, og dette prosjektet blei i periodar nedprioritert.

3.0 KOMMUNIKASJON OG MARKNADSFØRING

Haugalandmuseet har ein kommunikasjonsstrategi (Kommunikasjonsplan Haugalandmuseet 2020-2025) som seier korleis museet skal kommunisere og kva for nokre satsingsområde museet har innan kommunikasjon og marknadsføring.

I tillegg til ein kommunikasjonsansvarleg har museet ein komité med medlemar frå leiargruppa. Det har vore færre møte i kommunikasjonskomiteen i 2024 enn tidlegare år, og fleire planlagde oppgåver har vorte utsette. Dette skuldast mellom anna sjukefråvær og vakansar i stillingar. Innarbeida rutinar og godt samarbeid mellom dei tilsette og dei ulike fagavdelingane i museet har likevel gjort det mogleg å ha ei aktiv profilering av Haugalandmuseet på dei digitale plattformene våre.

I løpet av året produserer museet sine eigne tilsette ei lang rekkje plakatar og brosjyrar til bruk i marknadsføringa. Museet får òg marknadsføre arrangement og utstillingar på TV-skjermar hos Destinasjonsselskapet Haugesund/Haugalandet. I 2024 presenterte me for første gong eit heilt årsprogram med napp-ut-kalender i ei flott trykksak.



I 2024 lanserte Haugalandmuseet for første gong eit årsprogram i form av ei flott trykksak, i tillegg til ein digital versjon tilgjengeleg på nettsida.

Etter planen skulle Tollbua i Nedstrand få namneskilt malt på veggen. Diverre måtte dette utsetjast også dette året grunna sjukefråvær og manglande bemanning.

Museet ønskjer å auke tilsette sin kunnskap om kva regionen har å by på og korleis vi kan gje publikummet vårt best mogleg service og høg profesjonalitet. I samarbeid med Destinasjon Haugesund & Haugalandet arrangerte vi i 2024 eit «Godt vertskaps»-kurs for alle som arbeider i resepsjonen i avdelingane våre. Tiltaket var svært godt motteke, og museet vil årleg arrangere slike kurs.

Det totale nettsidebesøket for haugalandmuseet.no var i 2024: 110 968. Unike sidevisningar var 35 114. Det totale nettsidebesøket sidan vi byrja målingane i 2020 er no 266 957. Tala er justert ned frå 2023 grunna nettleverandør sine problem med avlesinga. Målet om 150 000 sidevisningar før 2025 er nådd.

Sidevisningar på Kulturpunkt.no var 12 569 i 2024.

Målet for strategiperioden 2020-2025 om 4000 følgjarar på Facebook vart oppnådd i 2021. I 2024 er talet på følgjarar auka til 5 200. Følgjarar på Instagramkontoen @haugalandmuseet er 1 557 og følgjarar på @haugesundbilledgalleri er 1 721. Haugalandmuseet har pr. 31.12.2024 totalt 8 478 følgjarar i sosiale media. Innhaldssamhandlingar (antal likarklikk, reaksjonar, kommentarar og delingar m.m.) på Facebook var 8 980.

Haugalandmuseet har nettside, Facebook, Instagram og YouTube-konto, kor ein jamleg legg ut oppdateringar, foto, artiklar og filmsnuttar frå arrangement og museumsarbeid. Museet publiserer månadlege nyheitsbrev til veneforeininga og andre museumsinteresserte, med aktuelt stoff frå museet sitt arbeid. I alt 387 abonnentar mottar museet sitt nyheitsbrev.

4.0 SOLID KUNNSKAPSPRODUKSJON

Haugalandmuseet vedtok forskingsplanen i 2020. Forskingsplanen har fem hovudmål, mellom anna å integrere forskning i Haugalandmuseet si verksemd og drive forskning på eigne samlingar. Vidare skal det forskast på tema som har regional forankring og regional og nasjonal relevans. Forskinga skal auke den vitskapelege kompetansen i personalet. I 2024 har museet gitt ut to djupneartiklar på Digitalt museum. Det er eit resultat av kunnskapsproduksjon i arbeidet med samlingsforvaltninga. Det er publisert ein fagfellevurdert artikkel om dei båtreisande i antologien *Sted og identitet – minne, markeringer og historiebruk i lokalsamfunn på Agder*, utgjeve av Cappelen Damm Akademisk.

4.1 Dokumentasjon

Ny fast utstilling om dei båtreisande: Museet fekk i 2023 tilsegn på kr. 270 000 i støtte til ei fast utstilling om romanifolket – dei båtreisande. Til same prosjekt fekk vi hausten 2022 tilsegn på kr. 320 000,- frå Kulturdirektoratet/Romanifolket og taternes kulturfond. Ein prosjektilsett har arbeidd med manus og planar for ny utstilling i perioden 1. august – 31. Desember 2023. I 2024 vart vi råka av sjukemeldingar og vakansar i stillingar og prosjektleiar måtte nytte tida til å gå inn i ubemanna stillingar. I tillegg hadde vi utfordringar med asbest. Prosjektet stoppa opp og vi har fått utsett frist frå Kulturdirektoratet for gjennomføring og rapportering.

4.2 Publikasjonar

- Maryon Østhus: *Antisemittismen i Europa –sett gjennom Moritz Rabinowitz's øyne*. Artikkel på Digitalt museum.

- Grethe Lunde Øvrebø: *Grafikkens magi. Høytrykkskunstnerne Niclas Gulbrandsen og Trygve Goa*. Artikkel på Digitalt museum
- Grethe Paulsen Vie: Romanifolket som reiste og bodde i båt - om historiefortelling og stedet som begrensende faktor. Publisert i antologien *Sted og identitet – minne, markeringer og historiebruk i lokalsamfunn på Agder, 2024*. Utgjevar: Cappelen Damm Akademisk.
- *Luca Berti, Mennesket og havet, Feøy-Røvær- Utsira-Vibrandsøy*. Utgjevar: Haugalandmusset

4.3 Foredrag

- 19.04: *Hvor vokser muggsopp? Studie av et maleri, ved Elena Santamarina* under Fagdag om mugg og asbest i regi av Museumstjenestene og seksjon for samlingsforvaltning, Norges museumsforbund.
- 19.04: *Asbest i museumssamlinger*, ved Grethe Paulsen Vie, under Fagdag om mugg og asbest i regi av Museumstjenestene og seksjon for samlingsforvaltning, Norges museumsforbund.
- 19.09: Grethe Paulsen Vie: *Romanifolket - båtreisende*, ved Grethe Paulsen Vie, på seminar om immateriell kulturarv, Ålesund
- 16.11: Grethe Paulsen Vie: *(U)synleggjering av kvinnelege fotografar i fotohistorien – belyst gjennom haugesundsfotografen Thea Larsen og hennar glasplater*. Foredrag ved Sunnhordlandmuseet.
- 13.11: Madli Hjermann: *Fotoinnsamling mellom bevaring av minne og dokumentasjon av overfiske*, seminar fiskerinetverket, Stokmarknes

4.5 Prosjekt i regi av museumsnettverk

Deltaking i prosjektet *Samlingenes mange stemmer*, i regi av det nasjonale museumsnettverket Mangfoldsnettverket, saman med 17 andre norske museum. Prosjektet er støtta av Kulturdirektoratet over tre år, og Haugalandmuseet deltek med eit prosjekt om romanifolket som heiter "Makt og representasjon i museet". Prosjektet blei avslutta ved utgangen av 2024. Deltagelse i prosjektet har vært veldig givende. Å arbeide med kulturarven til en minoritet er tidkrevende og kan til tider være utfordrende. Vi vil gjerne understreke betydningen av å delta i et nettverk og prosjekt med så mange museer – der vi ikke alltid har store og målbare resultater, men prosessen og bevisstgjøring underveis er svært viktig.

5.0 RELEVANT FORMIDLING

Haugalandmuseet si formidling har som mål å nå ut til ulike grupper besøkande med tanke på alder og sosial og kulturell bakgrunn. Det er eit uttalt mål å ha eit mangfald av tilbod som spring ut frå museet sine samlingar og arkiv. Målsetjinga er òg at formidlinga skal skape identitet og tilhøyring lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Formidlinga skal vere relevant, dvs. innehalde sentrale tema og problemstillingar. Mykje av formidlinga til Haugalandmuseet er knytt tett opp til mål i læreplanar, og

er av den grunn relevant for Den Kulturelle Skulesekken. Her blir det lagt vekt på danning, meistring og medverknad.

Haugalandmuseet skal òg formidle noko som er interessant for brukaren, ha aktuelle utstillingar og foredrag, og lære noko nytt gjennom handboren kunnskap og løfte fram gamle handverkstradisjonar. Museet vil at mange stemmer skal bli høyrte; unge, eldre og minoritetar, for på denne måten å få fram fleire synspunkt, historier og perspektiv.

Som andre museum følgjer vi opp nasjonale føringar om meir eigen inntening, og har jobba vidare med tilbod om kulturturisme, eit tilbod både til lokalbefolkning og turistar. Arbeidet med levande historieforteljing blir utvikla vidare, og Wrangellhuset er tatt i bruk til formidling. Det arbeidast også med synleggjering av mangfald og minoritetar, og vi har i mange år dokumentert og formidla romanifolket sin kulturhistorie langs kysten.

Publikum og formidlingsavdelinga bestod i 2024 av 7 faste tilsette fordelt på 5 årsverk. Året har vore prega av store omsiftingar, med færre tilsette, fleire langtidsjukmeldingar og stenging av lokale grunna asbest. Trass i dette er aktivitetsnivået oppretthaldt, og dei tilsette har påteke seg ekstraoppgåver og utvist stor fleksibilitet. Haugalandmuseet har hatt auke i besøkstala og rekord i billettsal.

5.1 Publikumsutvikling

| Avdelingar | Totalt besøkande 2024 | Betalande besøkande 2024 | Totalt besøkande 2023 | Betalande besøkande 2023 |
|--|-----------------------|--------------------------|-----------------------|--------------------------|
| Bokn | - | - | 27 | - |
| Haugalandmuseet felles | 1 565 | 396 | 1 243 | 276 |
| (Wrangellhuset, inkl. i HM felles) | 750 | 236 | 37 | 17 |
| Haugesund billedgalleri | 11 044 | 3 150 | 9 036 | 2 206 |
| Hiltahuset | 691 | - | 1 735 | - |
| Karmsund folkemuseum (inkl. Natt på museet og Ørpetveit) | 8 603 | 806 | 7 902 | 2 972 |
| Dokken | 4 963 | 3 351 | 4 646 | 2 273 |
| Nedstrand | 126 | - | 401 | 12 |
| Nordvegen | 2 502 | - | 2 119 | - |
| Utsira | 398 | - | 157 | 99 |
| Vindafjordmuseet | 368 | 98 | 584 | 138 |
| Arquebus krigshistorisk museum | 7 293 | 5 940 | 4 277 | 3 211 |
| Totalsum | 37 553 | 13 741 | 32 127 | 11 187 |

Museet held fram satsinga på å utvikle publikumstilbodet og auke innteninga. Haugalandmuseet går ut av sommaren med heile 20 % auke i besøkstala og ny rekord i billettsalet ved fleire avdelingar. Satsinga på kulturturisme, med nye tilbod og utvida opningstider, gir konkrete resultat i auka besøkstal og gode tilbakemeldingar frå publikum.

Besøkstala totalt viser 5 426 personar meir enn i 2023, sjølv om asbest gjorde at Karmsund folkemuseum var stengt heile hausten. Delen betalande besøk auka med 22,8% frå 2023 til 2024.

Arquebus krigshistoriske museum i Tysvær har flest betalande, og i år kunne museet endeleg ha ope heile sesongen. På ein god andreplass for totale betalande ligg Sildemuseet i Dokken.

Satsinga på tilrettelegging for cruiseturistar og "To for ein"-billett er noko reiselivet set pris på. I Dokken friluftsmuseum nyttar publikum dei utvida opningstidene på torsdagar i april, mai og august. Vi erfarer at tilreisande er svært interesserte i lokal kunst og kulturhistorie. Besøkstala på Karmsund folkemuseum viser, naturleg nok, nedgang i betalande gjester på grunn av innføring av gratis inngang.

Nye utstillingar trekk også mange besøkande til Haugesund billedgalleri. Der er det produsert 11 salsutstillingar for Haugesund kunstforening, i tillegg til museet sine egne museumsutstillingar, deriblant Luca Berti, som også har tatt turen til sjøhuset på Utsira.

Barnas Museumsstafett vart tilbydd for fjerde året, eit sommarferietilbod med stempling i museumskort for å invitere til besøk av fleire avdelingar. Vindafjordmuseet har haldt helårsåpent, tysdagar og sundagar. Spesielt mange cruisegjester tek turen innom den opne Wrangellhagen, kikkar rundt og set seg. Mange ønskjer å komme inn i huset.

Born og unge har vore eit av dei viktigaste satsingsområda til Haugalandmuseet, noko som syner att på besøksstatistikken. Det gode samarbeidet med DKS er hovudgrunnen, men gledeleg er det at fleire og fleire grupper og klassar gjer seg nytte av tilboda museet har og bestiller på eigen hand.

5.1.2 Arrangement

Haugalandmuseet ønskjer å ha eit variert tilbod av arrangement. Vi ønskjer å ha samhandling med ulike brukargrupper, knyte til oss folk i lokalsamfunnet, og jobbe for at museet blir ein arena for alle. Museet vil ha tilbod som samlar få og tilbod som appellerer til mange.

Foredrag, Museumsstafett, Museumskvarter, Barnas Museumsstafett, Kunstpause, Strikkekafe, Natt på museet, Vernissasje, Familieverkstad, Kreativ verkstad, Kurs, Aktivitetsdagar, Arkivdag, Den kulturelle spaserstokk og historiske vandringar er døme på kva museet har å tilby av arrangement.

Omstillingsevna har vore stor denne hausten. Arrangement og aktivitetar har funne nye arenaer som resultat av nedstenging på Karmsund folkemuseum grunna asbest. Formidlarane har utvikla nye pedagogiske tilbod. Billedgalleriet husa både strikkekafe og museumskvarter.

Wrangell-huset vart tatt i bruk for verkstader og Kulturnatt, og vi fekk ein ny arena for fotoutstilling i bedehuset på Dokken gjennom hausten og vinteren.

Museet sine tilsette arrangerer og held førelesingar både internt og eksternt. Museumsstafettane tek oss med rundt i heile distriktet og utviklar eit godt samarbeid med lokale krefter. Kurs for vaksne har knytt til oss nye grupper. Skeisvang vidaregåande skule si dramaline heldt teaterframsyningar på Wrangell-huset i vår. Kulturnatt vart avvikla med både Billedgalleriet og Wrangell-huset som arenaer. Her var det fullt program heile dagen og godt besøk.

«Natt på museet» var det store arrangementet i 2024. Det var ein stor suksess med over 300 selde billetter, og stort engasjement frå frivillige og tilsette i møte med det yngre publikummet og deira familiar.



Årets «Natt på museet» vart utselt og ein stor suksess med mange lovord frå publikum

5.1.3 Kulturturisme

Kulturturismesatsinga, med nye tilbod og utvida opning, samt tilrettelegging for cruisegjester, har gitt konkrete resultat i fleire besøkande og gode tilbakemeldingar frå publikum. Og bak resultatata ligg det eit godt stykke arbeid – og eit godt vertskap. Det er tilsett fleire sesong- og tilkallingsvertar, og tilsette har vist stor fleksibilitet.

Utviklingsprosjektet frå året før blei vidareført med «historisk vertskap» i Dokken, der gjester gjennom sommaren får omvising av vertar i roller som fin frue og tenestejente, med sine ulike perspektiv på det å leve i Dokken under sildeperioden. Til sommarsesongen lyste vi spesielt etter vertar som hadde interesse for og erfaring med å kunne formidle og ha omvising i rolle. Vertane deltok på workshop for innarbeiding av rolle, vart utrusta i kostyme og hadde tilbod om omvising kvar time. Publikumstilbodet har blitt godt mottatt. Omvisingane kvar time gir ei god tilleggsoppleving og løyser tilgjengeleggjering av låste hus. Prosjektet har gitt museet høve til å tenkje nytt rundt produksjons- og formidlingsarbeid ved arenaene og har bidratt til å styrkje og

utvikle programtilbodet. Eit av måla var å utvikle museet vidare, frå ei meir tradisjonell undervisnings- og formidlingsform til nye konsept. Med historiske vertar står kulturturisten i fokus (særleg britiske cruisegjester oppsøker musea spesielt), og sildefisket og fattigdom vert formidla på ein ny måte.

Det vart i mars søkt Kulturrådet om midlar til vidareutvikling (år 2) av det skissert treårige kulturturisme-prosjektet, med tema krig og fred, knytt til Arquebus krigshistoriske museum. Søknaden vart dessverre avslått. Museet har ambisjonar om å utvikle kulturturismen vidare, og ser på moglegheiter for aktuelle prosjekt og finansiering for gjennomføring.



Sommaren 2024 var vi klare med historiske vertar i Dokken, takka vere utviklingsmidlar frå Kulturdirektoratet.

5.1.4 Undervisning

Barnehagar og grunnskule

Haugalandmuseet har born og unge som eit av sine viktigaste satsingsområde, og vi har alltid mange tilbod til desse gruppene. Barnehagar har fleire tilbod å velje i og dei er alltid godt besøkt; aktivitetsopplegg på Karmsund, på Vindafjordmuseet, Dokken, Ørpetveit og Nordvegen.

Haugalandmuseet har mange kunst- og kulturhistoriske formidlingsoppdrag til grunnskuleklassar gjennom lovpålagt DKS. Dette gjer arbeidet til formidlarane forutsigbart, vi kan drive langtidsplanlegging, får høge besøktal og høg måloppnåing. Opplegga blir utvikla ut frå faste eller skiftande utstillingar, alltid knytt opp til læreplanmål og utarbeida i samarbeid med DKS. Dei obligatoriske opplegga dette året er: «Møt musea» for 1 og 3.trinn, «Bok blir film», «Trykkeverkstad Goa og Guldbrandsen», «Vårslepp», Luca Berti «Mennesket og Havet» og «Skolen i gamle dagar» (Grunna asbeststenging av Karmsund fekk skulane tilbod om alternativt opplegg med byvandring denne hausten.)»

«Maktspelet», «Det renner gull i gatene», «Viking, hvalross og vitenskap», “Fortid, nåtid og fremtid” og «Krigshistorie Arquebus» er tilbod som kan bestillast. Haugalandmuseet bidreg med opplegg til leirskulen på Røvær og på Nordvegen.

Vidaregåande skule

Fleire og fleire VGS-grupper finn vegen til musea. Filmen «Det renner gull i gatene», kjeldekritikk, forteljinga om Moritz Rabinowitz og romanifolket, og opplegg om ruinane på Avaldsnes er populære tema. VGS-klassar besøker dei skiftande utstillingane på Haugesund billedgalleri på eigenhand eller med formidlar. Dei møter òg opp på gratisforedraga i Museumskvarteret. Pris for VGS-klassar er etter avtale. Gledeleg er det at no får museet bestillingar frå alle VGS-skulane i Haugesund, og at skulane etterspør opplegg sjølve.

Haugalandmuseet har fått ein ny kjenning med over 500 elevar og lærarar frå Vestland fylke på Arquebus denne hausten. Bergen kommune har planar om å gjennomføre denne turen som del av sitt leirskuleopplegg nokre år framover.

5.1.5 Tilrettelegging og inkludering

GLIMT er Haugalandmuseet sitt tilbod til grupper som treng spesiell tilrettelegging. Museet sender ut årsprogram med tilbod på alle våre bemanna avdelingar; Vindafjordmuseet, Arquebus, Ørpetveit, Billedgalleriet og Nordvegen historiesenter. Dei besøkande varierer frå små grupper med grunnskuleelevar til større grupper med tilrettelagt arbeid. Enkelte avdelingar har også tilrettelagte bestillingstilbod.

Museet arbeider med å gjere formidlinga meir tilgjengeleg, på fleire språk. Vi arbeider godt saman med “Haugesund for alle”, “Enestående familier”, Breidablik læringssenter og Mottaksskolen i Haugesund og Karmøy Voksenopplæringscenter. Vi arrangerte kunst- og kulturhistoriske førelesingar i samarbeid med Den kulturelle spaserstokken, og vi er oppteken av å ha kontakt med folk i nærmiljøet. Det er slik vi styrker musea som inkluderande fellesarena. Museet er aktør og samanbindingskraft på tvers av fagfelt, institusjonar, brukargrupper og interesser. Ei sjøspeidargruppe har til dømes tilhald i Dokken museum, og bidrar inn i formidlinga til museet.

ARTung er fellesnemninga for Haugesund billedgalleri sitt kunsttilbod for ungdom (12-19 år) og består av ei rekkje faste kunstaktivitetar for målgruppa. ARTung skal vere ein inkluderande, sosial og lærerik møteplass. Tilbodet består blant anna av kunstworkshoppar i helger og skuleferiar, der ungdomar får oppleve og skape ulike kunstuttrykk under rettleiing frå profesjonelle kunstnarar, eit drop-in teiknestudio der ungdommar møtest og teiknar i fellesskap og kan fordjupe seg i egne prosjekt, og ARTung Mottaksskolen; eit praktisk kunsttilbod til ungdomsskuleelevar ved Breidablik læringssenter, avd. Mottaksskolen. Det er gratis å delta på alle aktivitetane. I 2024 mottok Haugalandmuseet eit 3-årig tilskot frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet som har gjort det mogleg å auke aktiviteten og tilby eit breiare tilbod til denne målgruppa.



Formidlar Monica Haugan ved Vindafjordmuseet engasjerer skuleelevar i lokal kulturhistorie

5.1.6 Digital formidling

Gjennom digital formidling kan vi nå dei som fysisk ikkje kan besøke museet. Museet har aktive nettsider, og nyttar sosiale medium som Facebook og Instagram. Digitalt museum og Kulturpunkt blir oppdatert kontinuerleg. På nettstaden «Gamle Haugesund» finn ein Haugesundshistoria, og på YouTube legg vi filmar om historiske tema. Prosjektet Dragseid er sendt ut digitalt til skulane.

5.1.7 Tilgjengeleggjering av samlingane

Ein stor del av samlingane - gjenstandar, fotografi, kunst, lyd og bygningar, er publisert på nettstaden Digitalt Museum. I løpet av 2024 vart 2184 nye objekt publisert. Til saman er 46348 objekt tilgjengeleg på Digitalt Museum pr. 31.12.2024. Det er stor etterspurnad etter fotografia våre, og talet på bestillingar via Digitalt Museum har auka mykje dei siste åra. I 2024 ekspederte museet 210 førespurnader om samlingane – inkludert fotobestillingar. Vi fekk 96 kommentarar på Digitalt Museum.

5.2 Utstillinger

Haugalandmuseet har som mål i strategiplanen å møte publikum med eit breitt og variert formidlingstilbod gjennom heile året. Museet sitt bygningsvernarbeid og samlingsforvaltninga er òg ein del av museet si formidling. Haugalandmuseet har mange utstillingar, både faste og midlertidige. Mange av utstillingane er i tråd med museet sitt strategiarbeid, der «havet» i perioden 2020-2025 belysast frå ulike kunst- og kulturhistoriske ståstader. I 2024 opna museet fire fotoutstillingar der havet spelte ei rolle.



Foredrag og opning av fotoutstillinga "Kystfiskerne" i bedehuset, Dokken museum

5.2.1 Kulturhistorie:

Tre av utstillingane med hav som hovudtema vart satt opp ved dei kulturhistoriske avdelingane:

Fotoutstilling: Mennesket og havet, sjøhuset på Utsira, 25.05-30.09.2024

Fotoutstilling: Susanne Sunds postkortproduksjon. Dokken museum, 19.06.-30.09.2024

Fotoutstilling: Kystfiskerne, bedehuset, Dokken museum, 24.10 – 15.12.2024

5.2.2 Visuell kunst



Våren 2024 gav Ola Tjørhom sin tredje donasjon av nasjonal og internasjonal høgtrykkkunst til Haugalandmuseet. Direktør Mads Ramstad og Ola Tjørhom med eit fargetresnitt av Sonja Krohn.

Kunstmuseet produserer årleg fleire utstillingar basert på samlinga, kuratert av museet sine egne tilsette. I tillegg skapast utstillingar i tett dialog med visuelle kunstnarar og eksterne kuratorar. I 2024 presenterte kunstmuseet utstillinga «Luca Berti. Mennesket og havet». Museet hadde invitert kunstfotografen Luca Berti til å gjere eit fotodokumentasjonsprosjekt på fire av øyane våre i tre ulike kommunar: Feøy, Vibrandsøy, Røvær og Utsira. Ei mindre utstilling vart også vist i og på Klovning-sjøhuset på Utsira. I samband med utstillinga vart det utgjeve ei flott fotokunstabok med fotografi av Luca Berti og tekstar av forfattar og poet Odd Eirik Sætre Færevåg og tilsette. Alle verka på utstillinga er kjøpt inn til museet si samling.

Kunstutstillingar produsert av Haugalandmuseet

Vi har i alt produsert fem nye kunstutstillingar i regi av Haugalandmuseet. I tillegg har vi samprodusert Filmfestivalutstillinga saman med Haugesund kunstforening og Den norske filmfestivalen. Billedgalleriet er òg visningsarena for salsutstillingane til Haugesund kunstforening. Det vart vist i alt ti salsutstillingar i regi av Haugesund kunstforening i 2024.

28.9.23-31.12.24, Haugesund billedgalleri: *Hjemlige landskap – Vestlandskunstnere 1900*. Prod. Haugalandmuseet

2.2-12.5.24, Haugesund billedgalleri: *Håkon Bleken. En mester i kull*. Prod. Haugalandmuseet

2.2-12.5.24, Haugesund billedgalleri: *Fargen i kunsten*. Prod. Haugalandmuseet

8.3-31.12.24, Haugesund billedgalleri: *Grafikkens magi. Niclas Gulbrandsen - Trygve Goa*. Prod. Haugalandmuseet

24.5-31.12.24, Haugesund billedgalleri: *Luca Berti – mennesket og havet*. Prod. Haugalandmuseet

07.06.-11.08.24, Haugesund billedgalleri: *Resonans. Møter mellom billedkunst og musikk*. Prod. Haugalandmuseet

Tjørhom-samlinga

Kunstmuseet har fokus på formidling av høgtrykkskunst i form av utstillingar, forskning og undervisning. I 2024 produserte museet ei samlingsutstilling med arbeid av kunstnarane Niclas Gulbrandsen og Trygve Goa. I 2024 vart det gjennomført eit DKS-opplegg for 7. trinnet i Haugesund kommune i april/mai månad. Formidlinga tok utgangspunkt i utstillinga presentert i Meling1. Det vart også publisert ein artikkel på DigitaltMuseum med tittelen: «Grafikkens magi.

Høgtrykkskunstnarane Niclas Gulbrandsen og Trygve Goa» av kulturvitar Grethe Lunde Øvrebø. Artikkelen ser nærare på den grafiske teknikken høgtrykk som kunstform, eksemplifisert ved kunstnarane Niclas Gulbrandsen og Trygve Goa. Museet arrangerte også eit linosnittkurs med Ivar Rudi i 2024. Kurset vart raskt utselt.

Ei stor nyhende våren 2024 var Ola Tjørhom sin tredje donasjon av nasjonal og internasjonal høgtrykkskunst til Haugalandmuseet. Tjørhom donerte nye 110 kunstverk til den allereie omfattande gåva. Med den siste donasjonen inneheld Tjørhom-samlinga i alt 377 kunstverk.

6.0 HEILHEITLEG SAMLINGSUTVIKLING

Samlingsutviklinga omfattar både innsamling og avhending. Vi får kvart år gåver til dei kulturhistoriske samlingane og gjer innkjøp til kunstsamlinga. Inntak eller innkjøp skjer etter nøye vurdering: om det tilfører samlingane noko nytt, og om det er relevant i forhold til målet til museet, strategi og samlingsplan. Desse vurderingane gjerast av eigne inntaks- og innkjøpskomitear ved museet.



Frå nye innkomne foto til samlinga i 2024: Pakking og innfrysing av hvalbiffar. Frå fire grindhvaler som kan ha vore dei siste som ble fanga på Haugalandet. Dei blei fanga med hvalfangstskøyta "Haabrand" og levert på hvalkjøttmottaket til Hans Johnsen i Kopervik.

6.1 Kulturhistorie

I 2024 auka samlinga med 20 gjenstandar, 714 fotografi og 5 hyllemeter arkiv. Museet har store gjenstandssamlingar og er forsiktige med nye inntak. Vi har hatt ei aktiv innsamling av fotografi frå perioden etter 1940. I perioden 2023-2024 samla vi inn foto frå Vibrandsøy, Røvær, Utsira og Feøy i forbindelse med prosjektet «Livet på øyene». Foto frå mange ulike fiskeri er noko av det som kom inn til museet. Av ny innsamling kan og nemnast ei samling fotografi frå eit hvalkjøttmottak i Kopervik. Eit større arkivinntak var forretningsarkiv etter sildeeksportør Oluf Olsen. Inntaka er i tråd med samlingsplan for 2024, der sild og hav er hovudtema.

Museet avhenda ingen gjenstandar i 2024. Det er eit mål i musea si samlingsutvikling å avhende, i tråd med samlingsplan og ei styrt samlingsutvikling. Men avhending krev tid og innsats, på linje med inntak, med dokumentasjon og grunngjeving for avhendinga.

6.2 Visuell kunst

Samlinga har ei hovudvekt på arbeid av kunstnarar eller verk med tilknytning til Vestlandet. Vi utviklar kunstsamlinga i tråd med museet sin innsamlingsplan 2020-2025. Museet har òg nasjonal og internasjonal høgtrykkskunst som eit tyngdepunkt i samlinga.

I 2024 vart heile 220 kunstverk innlemma i samlinga. Tilveksten er i tråd med innsamlingsplanen til kunstmuseet. Dei aller fleste arbeida er av mannlege kunstnarar (60 mannlege og 9 kvinnelege kunstnarar). Ein stor del av kunstverka som var innlemma i 2024 er gåver frå både private og stiftingar.

7.0 TRYGG IVARETAKING og DOKUMENTASJON

Samlingsavdelinga bestod ved utgangen av 2024 av fire faste tilsette (3,8 årsverk), og ei prosjektstilling (0,4 årsverk). I tillegg kjem tilsette ved kunstmuseet (0,2) årsverk. I løpet av året er det til saman brukt 4,1 årsverk til å forvalte gjenstand, foto, kunst, lyd, film og arkiv. Dei 56 kulturhistoriske bygningane blir vanlegvis teke vare på av drifts- og bygningsavdelinga. I 2024 hadde avdelinga sjukmeldingar og vakansar, og det meste av arbeid blei satt på vent. Avdelingsleiar for kulturhistorie og samlingsforvaltning tok alt ansvar for sikring, drift og bygningsvern i denne tida. Ved slutten av året er avdelinga omorganisert, og drift og bygningsvern ligg no under ei felles forvaltningsavdeling.

Arbeid med å kartlegge asbest i samlingar og bygningar som museet held til i prega heile 2024. Arbeidet har til tider vore svært krevjande. Dei fleste planar måtte nok ein gong leggjast til side, og samlingsarbeidet er sterkt råka. Arbeidsrom med avsug, konserveringsmateriell, reprostasjon, og andre fasilitetar for å arbeide med samlingane, har vore stengt frå hausten 2023 og var framleis stengt ved utgangen av 2024. Magasina ved Karmsund folkemuseum, fleire magasinrom for gjenstandar, tekstilmagasin, kjølemagasin for fotografi og arkivmagasin har vore stengt like lenge.

7.1 Registrering og digitalisering

Auka dokumentasjon og digitalisering av samlingane gir større moglegheiter til god digital formidling. I Haugalandmuseet sin strategi er det eit overordna mål å få god bevaring, auka oversikt og innsikt, og tilgjengelegheit til viktige samlingar. I plan for digitalisering (2021-2022) er å digitalisere eigne samlingar og publisere på Digitalt Museum, eit av fire hovudmål. Vi har arbeidd målretta med utgangspunkt i dei ressursane vi har, og har i 2024 publisert 2184 nye objekt, mest fotografi og kunst, på Digitalt museum. Resultatet er noko høgare enn i 2023, og skyldast ein stor innsats i digitalisering av fotografi, mellom anna med god hjelp frå Museumstenestene i Rogaland. Fotografering av gjenstandar har vore sterkt råka i 2024, grunna manglande arbeidsstasjonar.

Ordning av arkiv har vore eit prioritert område. Ordning av forretningsarkivet etter Moritz Rabinowitz starta i 2022 og heldt fram i litt mindre omfang i 2024. Andre større prosjekt har vore digitalisering av nye innkomne fotografi frå øyane i vest, og revisjon og tilstandsvurdering kunstverk.

Kunstsamlinga: Det vart katalogisert 31 nye kunstverk. Dette er både nye inntak og restansar - kunstverk som er kjøpt inn til samlinga dei siste åra. Dette er eit lågare tall enn i 2023.

Gjenstandssamlingane: Det vart registrert 61 nye gjenstandar i Primus. Noko av det registrerte materialet var tekstilar frå utstillinga “Heim og nærmiljø” på Karmsund folkemuseum, som vart pakka ned etter 40 år. Talet på nye registrerte gjenstandar er noko lågare enn i 2023.

Fotosamlinga: Det blei til saman oppretta 724 nye hovudpostar i Primus. Det er i hovudsak foto samla inn i prosjektet «Livet på øyene» - innsamling av foto frå øyane vest for Haugesund. Eit langt høgare tal er digitalisert, til saman 1774. Nesten halvparten av desse er digitalisert takka vere fotoarkivaren i Museumstjenestene i Rogaland. Her fekk vi òg god hjelp til reprofotografering av cyantopi, til bruk i utstillinga og bokprosjektet “Mennesket og havet” og print av fotografi til utstillinga «Susanne Sunds Postkort fra Haugesund».

Arkiv: Vi har ordna 2 hyllemeter arkiv - arkivet etter Moritz Rabinowitz, kjøpmann (1901-1945).

Lyd: Vi har motteke ferdig digitalisert lyd frå Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana.

7.2 Revisjon og vurdering av samlingar

Revisjon av objekt og samlingar er viktig for å få god oversikt leggje inn rett nemning i Primus. I 2024 er 138 gjenstandar, 1078 fotografi og 139 kunstverk reviderte i Primus (reingjering, tilstandsvurdering, registrering, fotografering). Revisjon er i hovudsak gjort i samband med nedpakking av utstillingar og flytting mellom to magasin. Revisjon av kunstverk er gjort i samband med montering av nye beslag på rammer, i samarbeid med Museumstjenestene i Rogaland.

Oversikt over samlingane pr. 31.12.2024

| Samling | Antal | Katalogiserte (hovudpostar i Primus) | Publisert på Digitalt Museum |
|---------------------|----------------|--------------------------------------|------------------------------|
| Gjenstand | 79731 | 30187 | |
| Fotografi | 676 600 | 34394 | 30143 |
| Kunst | 2963 | 2351 | 887 |
| Bygning | 56 | 47 | 46 |
| Lyd | 837 | 372 | 31 |
| Film | 1047 | 68 | 0 |
| Farkostar (på land) | 34 | 20 | 0 |
| Til saman | 761 268 | 67439 | 45188 |

| | | |
|----------------|---|----------|
| Kulturlandskap | 4 | 76 dekar |
| Hageanlegg | 2 | 2 dekar |

| | |
|-------------|----------------|
| Privatarkiv | 196 hyllemeter |
| | |

7.3 Førebyggjande tiltak og konservering

Sidan konsolideringa i 2019 har vi jobba målretta med fleire førebyggjande tiltak i samlingane. Aller størst utslag har dette fått for Haugalandmuseet si flotte kunstsamling. Etter nesten 100 år i kommunal eige, utan ressursar til å arbeide med bevaring og konservering, har store delar av samlinga behov for ettersyn. Det er i første omgang skifte av beslag og reingjering som har vore ein prioritet. Særleg eldre maleri har behov for slike stabiliserande tiltak og djupreingjering. Samstundes med dette arbeidet har kunstverka blitt tilstandsvurdert. Etter fem år kan vi oppsummere med at 445 av 2352 registrerte kunstverk har ei kvalifisert tilstandsvurdering i Primus. Dette gjev oss god innsikt i konserveringsbehov, og er eit naudsynt verktøy for å kunne planlegge og budsjettere for større konserveringsoppgåver.

Tilstanden er gradert med kodane 101 (god), 102 (tilfredsstillande), 103 (dårleg), 104 (kritisk). Dei fleste kunstverka, i alt 140, har fått koden 101. Til saman 106 kunstverk har fått koden 102 og 103, tilfredsstillande og dårleg tilstand. Oppsummert, så vil minst 106 av desse kunstverka ha behov for behandling for å hindre ytterlegare skade, samt konserveringsbehandling før dei kan stillast ut.

I den kulturhistoriske samlinga har vi kvalifisert tilstandsvurdering av 3770 gjenstandar, av totalt 30111 registrerte gjenstandar. Her er det gjort tilstandsvurderingar av NKF-godkjente konservatorar sidan 2015. Her har dei fleste objekta, 2028 i alt, fått koden 100 og 101. Til saman 1742 gjenstandar har fått koden 102, 103 og 104, mindre god, dårleg og kritisk tilstand. Desse objekta treng stabiliserande behandling og konservering før dei kan stillast ut.



Arbeid med ompakking av fotoarkivet etter Vaage foto. Ein liten del av negativarkivet ble lagt i nye, syrefrie konvoluttar. Frå venstre fotoarkivar Madli Hjermand, arkivar Maryon Østhus og konservator Elena Santamarina.

7.4 HMS og risikohandtering i forvaltninga

Asbest i samlingar:

Sidan hausten 2022 har vi kartlagt og avdekket asbest i dei krigshistoriske samlingane ved Arquebus krigshistoriske museum. Prioritering ved kartlegging og sanering var utstillingsareala i museet. Delar av museet – lager og magasin – har vore avstengde etter denne første kartlegginga. Hausten 2024 blei ei ny kartlegging utført. Denne resulterte i ei større avdekking av asbest, i gjenstandar og i støv.

Tre tilsette deltok på kjennskapskurs i asbest, i regi av Museumstjenestene i Rogaland.

Radioaktivitet i samlingar:

Forsvarsmuseet var på befaringsreise på Arquebus krigshistoriske museum i april. Dei målte radioaktiv stråling på utlånte kanonener. Det blei tatt grundige målingar - og ei av kanonene, ein Flak 8,8 cm fra 1941 har høy stråling. Den blei sperret av for publikum. Forsvarsmuseet registrerte høy bakgrunnsstråling i hele museet

Situasjonen med asbest og strålefare på Arquebus krever en oppfølging framover. Det er aktuelt å sende ansatte på kurs i strålevern, samt opprette en strålevernkoordinator i museet.

7.5 Magasin

Magasinsituasjonen er i løpet av dei fire siste åra forbetra. Etter svært mange år med dårlege lokale for bevaring av samlingane, er magasinsituasjonen for den kulturhistoriske samlinga kraftig forbetra frå 2022. I 2024 har det gått seint med magasinarbeidet, då samlingsavdelinga har brukt kreftar på publikums- og utstillingsarbeid.

Sett under eitt er det framleis gjenstandssamlinga, og til dels arkiv, som har dei dårlegaste magasinforholda ved museet. Museet arbeider langsiktig, og med dei nye magasinane som er omtalte ovanfor, vil situasjonen i framtida betre seg, litt om litt.

Ved utgangen av 2024 såg magasinsituasjonen slik ut

| Samlingstype | Svært gode forhold | Tilfredsstillende forhold | Ikkje tilfredsstillende forhold | Dårlege forhold |
|--------------|--------------------|---------------------------|---------------------------------|-----------------|
| Gjenstandar | 26% | 28% | 28% | 17% |
| Foto | 69% | 10% | 19% | 2% |
| Kunst | 87% | 5% | 6% | 2% |

7.6 Bygningsvern

Grunna få ressursar har ikkje dei store prosjekta blitt gjennomført. Vi har arbeidd med diverse konservering og reparasjonar av interiør. Døra i Blixhavnet fekk eit strøk med linolje, og slik blei både pigment og overflate friska opp. Bygningsantikvar i Museumstjenestene har registrert eldre tapetrestar frå Wrangellhuset, som ei førebuing til å tilbakeføre interiør i stuen.

Prosjekt i 2024:

Derikhuset:

Nye vindauge vart produsert. Bygningsantikvar i Museumstjenestene utførte konservering av tapet og golvbelegg i nordre stove, saman med vår eigen konservator.

Sisselastova og museumstun:

Vi starta opp att planlegging av nytt museumstun på Nedstrand. Bygningsantikvar i Museumstjenestene har tidlegare laga restaureringsplan for Sisselastova. No var det sjølve museumstunet og planlegging av det som stod for tur. Vi har hatt dialog med Tysvær kommune og Rogaland fylkeskommune angående venterom/toalettbygg for ferjekaia.

Wrangellhuset:

Vi starta opp igjen arbeidet med plan for restaurering/tilbakeføring av interiør og hage. Som ein del av planen utførte bygningsantikvar eit arbeid med eldre tapetrestar frå huset. Tapetane blei ordna, reingjort og dokumentert.

7.7 Bygningsvernrådsgjevar

Hausten 2023

Haugalandmuseet og Ryfylkemuseet starta opp med pilotprosjekt i Rogaland. Prosjektstillinga (60%) var besett i 7 månader i 2024. I løpet av denne tida har 43 huseigarar i alle kommunar i Nord-Rogaland fått vitjing og synfaring av rådsgjevar, samt ein rapport i etterkant. Noko tid er også nytta til kompetanseheving i stillinga, samt planlegging av kurs som skal avviklast i 2025. Arbeidet er evaluert i løpet av året, i regi av Rogaland fylkeskommune, som framover vil vurdere dette som ei fast ordning

8.0 AKTIV SAMHANDLING OG FRIVILLIGE

Musea er ein del av den kulturelle infrastrukturen for eit sunt og levande demokrati. Haugalandmuseet er ein kunnskapsinstitusjon og inngår saman med andre kultur- og utdanningsinstitusjonar i dannelsings- og opplæringsprosessar for stadig nye generasjonar. Haugalandmuseet er også ein sosial møteplass med eit mangfald av arenaer for opplevingar og nye oppdagingar. Samarbeid utover eigen institusjon har alltid vore ein viktig del av arbeidsforma vår. Me dreg vekslar på fellestenester, andre museum, frivillige, gjevarar, lokalsamfunn, skuleverk og mange andre.

Haugalandmuseet er bygd på frivilligheit og samhandling med interessentar, foreiningar og institusjonar. Dei siste tiåra er nettverk og fellestenester blitt viktigare for fagleg utvikling, og vi er bevisst rolla vår som ein samhandlande aktør med samanbindingskraft på tvers av fagfelt og tema. Difor samarbeider vi med mange gjennom året for å sikre aktualitet, nedslagsfelt og medverknad. Våre frivillige og samarbeidspartnarar er tallause, og nokre av dei viktigaste er veneforeiningar knytt til alle musea våre. Det er: Haugalandmuseets venner, Haugesund kunstforening, Arquebusmuseets venner, Nedstrand museums- og historielag og Bokn historielag. I tillegg kjem frivillige og kontaktpersonar knytt til Vindafjordmuseet, Hiltahuset på Røvær og Sjøhuset til Mikal Klovning på Utsira. Veneforeiningane og andre frivillige har dugnadar, dei passar på bygningar, ser til samlingar

og bidreg til å halde nokre av avdelingane våre søndagsopne på sommartid. Veneforeiningane og Haugalandmuseet har samhandlingsmøte der det vert avtalt kva arbeid som skal gjerast.

Haugalandmuseets venner har et eige styre og medleamar, og arbeider aktivt for å styrke interessa for kunst og historie, samt støttar opp om aktivitetar i museet. Medlemsfordelar er mellom anna gratis inngang til alle avdelingar i museet. Foreininga har 170 medleamar per 31.12.2024.

Haugesund kunstforening har sine utstillingar og arrangement i Haugesund billedgalleri, som har eit godt samarbeid med foreininga. Dei tilsette ved Billedgalleriet tek i vare den daglege drifta av foreininga, og frivillige i kunstforeininga utgjer delar av museet sitt vertskap på søndagar. Kunstforeininga er ein aktiv samarbeidspartnar og av stor betydning for programmeringa av utstillingar og formidlinga i kunstmuseet.

Arquebusmuseets venner har eit eige styre og medleamar, og arbeider med dugnadar og anna arbeid, med fast møtedag midt i veka. Nedstrand museums- og historielag og frivillige tilknytt Hiltahuset på Røvær heldt museumshus opne i sommar, slik dei har gjort i mange år. Dei frivillige er entusiastar som har god, lokal kjennskap til samlingane.

Mimregruppa til Karmsund folkemuseum møttest månadleg, og driv lokalhistorisk dokumentasjon og formidling i samarbeid med museet. Eit populært tilbod er fotogruppa på Havnaberg seniorsenter. Her ser brukarar av senteret på fotografi frå museet si samling, og har gjennom diskusjon og samtale bidratt til auka kunnskap om fotografi i samlinga vår. Fotoarkivaren i museet bidreg med fotografi og med tida si.

Andre vi har samarbeida med i 2024 er: Tysvær historielag, Haugesund teater, Edda kino, Destinasjon Haugesund og Haugalandet, kystlaget på Utsira, Siradagene Utsira, Nedstrand historie og museums lag, Imsland Bondekvinne lag, speidargrupper, Haugesund historielag, enkeltpersonar, frivillige Hiltahuset på Røvær, Fortidsminneforeningen, Haugesund Spelemannslag, Munor, Slettaa dykkerklubb, Kulturnatt Haugesund, Haugesund kommune frivilligheita, Haugesund husflidslag, Nord-Karmøy historielag, Haugesund folkebibliotek, Nord Karmøy Husflidslag, Vikingklubben, Haugesund husflidslag, Nord-Karmøy historielag, Imsland, Vikedal og Sandeid sogelag, Haugaland sopp og nyttevekst foreining, musea på Karmøy, Skeisvang VGS dramalinje og Nedstrand teaterlag om teateroppsetjing og DKS i dei ulike kommunane. Dei ulike historielaga i regionen får kvart år tilbod om å vere med i Museumstafetten, og med hjelp frå Haugalandmuseet set dei opp program og gjennomfører arrangementet.

“Bok blir film”-prosjektet er eit døme på eit samarbeidsprosjekt kor Haugesund folkebibliotek, Haugesund teater, Karmsund folkemuseum, Absurd film og Edda kino i lag har sett saman eit DKS-program for 9. trinn, med krig som tema. Elevane møter skodespelarar og lærer om kjeldekritikk, historie, litteratur og filmproduksjon.

Kreative verkstader vart heldt på Billedgalleriet med Ivar Rudi, Luca Berti og Bernhard Østebø. Kunstnarsamtalar med Luca Berti, Steffen Kverneland og Ivar Rudi.

Gjennom samarbeid med den Kulturelle spaserstokken har museet hatt foredrag og formidling på sjukeheimane i Haugesund.

Det er alltid ei utfordring å få inn ulike aldersgrupper i museet. Formålet med ARTung er å vere ein inkluderande, sosial og lærerik møteplass for ungdomar med ulik bakgrunn som deler ei felles interesse for kunst.

8.1 Museum og reiselivsnæringa

Haugalandmuseet vil i åra som kjem satse på kulturturisme og reiseliv. Museet held fram med å utvikle publikumstilbodet og attraktive arenaer.

Regionen har aukande cruiseturisme, og allereie 1. april opna vi for dei første cruisegjestene i Dokken og på Arquebus krigshistoriske museum. På Arquebus er det i vårsesongen to-tre bestillingar i veka med cruiseturistar, som kjem i egne bussar.

Haugalandmuseet har ein jamn dialog med reiselivet i regionen om utviklinga av museet sine kunst- og kulturhistoriske arenaer, og eit aktivt samarbeid om utviklinga av nye reiselivsprodukt med utspring i museet sine arenaer og samlingar.

